

uskedal  
musikklag

1936 - 1976

av  
amanda wang.

USKEDAL MUSIKKLAG.

Lagssoga 1936 - 1976.

Uskedal Musikklag vart skipa den 1. mars 1936 etter opptak av Uskedal Ungdomslag.

Tanken om å skipa musikklag vart fyrste gongen teken opp av Alfred Sunde i eit kåseri på lagsmöte den 24. mars 1935.

Dette synt seg å vera ein tanke som fengde.

På lagsmöte den 7. august same året kom Tjør Myklebust med framlegg om å velgja ei tre-manns nemd til å arbeida med saka.

Desse vart valde : Edvard Myklebust, Alfred Sunde og Johannes Röd. Formannen i ungdomslaget Wilhelm Bjelland hadde fått lovnad av musikklöytnant Johan Klette frå Rosendal, om at han utan vederlag skulde taka til som instruktör om laget kom igang.

På lagsmöte den 1. mars 1936 vart det vedteke å kjøpa instrument på beste og billegaste måten, men kostnaden måtte ikkje overstiga kr. 500,- .

Dei fekk då kjøpa ein besetning brukte messinginstrument på Halsnøy for kr. 400,- og laget vart røyndom.

Musikklaget sitt fyrste styre var : formann Wilhelm Bjelland og styrelemer Alfred Sunde og Fridtjof Kjosås.

Övingane tok til med Johan Klette som instruktör og desse spelarane. Edvard Myklebust, Sverre Myklebust, Wilhelm Bjelland, Alfred Sunde, Fridtjof Kjosås, Sigurd Wang, Harry Lande, Håkon Hansen, Finn Myklebust og Johannes Haugland.

Fyrste konserten vart halden den 22. november 1936.

1937 var laget for fyrste gong med ved 17. mai-feiringa og det skapte ein ekstra glans over dagen.

Krigsåra 1940 - 45 var både 17. mai-feiring og stemner forbode. Likevel heldt laget saman.

Og endeleg kom 7. og 8. mai 1945 med heile bygda i fest.

Og aldri har vel musikklaget gått i spissen for eit folketog i so stor stemning og gleda.

Johan Klette var dirigent dei fyrste åra. Under hans dyktige leiding fekk laget ein god start. Millom dei fyrste spelarane skapte han ei musikkinteressa som har vakse og forgreina seg.

Etter at han slutta overtok Edvard Myklebust leidinga fram til 1944. Abel Haugland hadde så leidinga ei tid og etter han Andreas Haugland fram til 1947. Deretter overtok Sigurd Wang.

1949 deltok han på eit dirigentkurs på Sagavoll Folkehøgskule på Gvarv og i 1950 på eit liknande kurs på Klepp Folkehøgskule på Jæren. Han har seinare vore dirigent for laget.

Dei fyrste messinginstrumenta er forlengst skifta ut, men det er vedteke å taka vare på dei, då vi meiner dei på sin måte vert meir verdfulle for laget etter kvart.

I høve jubileet er dei pussa opp og vi skal no på desse instrumenta få høyra nokre tonar frå 1936.

Musikklaget har i alle år vore med ved dei fleste høgtider i bygda. *Sein tid*  
Og som årvisse innslag ved 17. mai og jolefeiring.

I mange år var dei ute å spela jolafta. Fyrste åra på Skårhaug, og seinare vart det köyrt rundt i bygda.

Kan henda jolestemninga steig litt rundt i stovene då dei under siste förebuingane til jolekvelden høyrde dei kjende joletonane ute frå vegen. Det såg i allefall ut som folk sette pris på musikken, for det hende ein og annan kom ut med pengegåver til laget.

Frå 1964 har musikklaget kvart år pynta den store grana på gamle skuleplassen til jol og spela når ljosa vart kveikt.

Siste åra har nissen frå Samyrkelaget møtt opp med godt til dei minste, noko som er blitt motteke med gleda.

Det er og vanleg med jolekonsert i kyrkja.

I mange år köyrde musikklaget rundt i bygda å spela på sangen og musikkens dag. Framkomstmiddelet var som regel ein lastebil.

Av andre ting musikklaget har skipa til i bygda, kan nemnast olsokfest på idrettsplassen i fleire år. Fyrste gong i 1955. Vi kan lesa i referatet at fleire hundre menneske var samla. Og mens bålet lyste opp i den vakre sumarkvelden vart det servert kaffi og med dei ymse innslag vart det ein sers vellukka kveld.

Eit anna år vart olsokfesten halden på Bruholmen. Ein fin holme som låg i elva nedanfor brua. Det vart laga bru ut til holmen, danseplattung og bål. Det var mykje arbeid, men alle gjorde sitt og det vart ei tilskipping dei fekk mykje ros for.

1953 var dei med bondelaget på olsokfest på Skorpo. Det var ein fin kveld, med båtturen over sundet og med bål og rjomegraut.

Saman med dei andre lag i bygda har musikklaget i mange år delteke ved jonsokfest på stemnestaden. Den har teke til med festleg opp-  
tog gjennom bygda med jonsokbrud og brudgom og begge musikkлага.

Etter ynskje frå idrettslaget har dei ved fleire høve vore å spela på idrettsplassen.

1974 spela dei på årsmöte til Hordaland Bondekvinne­lag i Rosendal.

1975 på bibelcamping på Rabben.

Som takk for god innsats for sangen og musikken i bygda har musikk­laget mött opp å spela for Andreas Haugland på dei større år­målsdagane hans. Siste gong den 4. juni 1975 i höve 85. års­dagen.

Laget har og mange gonger vore å spela slike stader der dei har arbeidt med å skipa musikk­lag. Då kan nemnast :  
Husnes, Våge, Uggdal, Omvikdal og Ölve.

Dei har og vore med sokneprest Brakestad på musikk­gudsteneste i Strandebarm og Varaldsøy kyrkje.

Fleire år var det turar til Valen Sjukehus med speling i parken om sumaren og i forsamlings­salen eller på avdelingane i jolehelga.

Laget var og til Husnes og spela då Sör-Norge Aluminium vart offisielt opna.

17. mai har alltid vore ein travel dag. Forutan speling i bygda var dei årvisst med i folketoget i Valen og Husnes og nokre år i Heröysund til dei fekk musikk­lag sjölve.

I mange år har dei og vore med i folketoget i Matre og Omvikdal.

I tidlegare år hende det fleire gonger at musikk­laget var med i bryllup når nokon av spelarane gifte seg. Det er nok ikkje få muntre episodar å minnst frå dei dagane.

Ved å bla i möteboka ser vi at det tildels har vore stor aktivitet i laget. Det er döme på at dei har vore oppe i 82. övingar og 30. offentlige spelingar på eit år.

Januar 1956 var reiseinstruktör Willie With og hadde ei vika kurs i laget. Same året vart laget innmeldt i H. M. L.

No fekk dei delta på alle möter og stemner og det vart både interessant og lærerikt.

Av større stemner laget har delteke på er desse :

H. M. L. stemna Stord 1956. Os 1958. Ulvik 1960. Rosendal 1966.

Öystese 1968. Voss 1970. Follesö 1972. og H. M. L. jubileumstemna på Manger 1975.

I særklasse må nemnst landsstemna i Stavanger 1959. Eit minne for livet.

I tillegg kjem alle krinsstemner og meir lokale stemner.

Ei stor oppleving var det og å vera med å spela på landsstemna til Noregs Ungdomslag som vart halden i Kvinnherad 1973.

1957 stod laget for tilskipinga av stemna til S. H. L. krins.

I 1953 fekk laget sine fyrste uniformer. Dei vart skifta ut 1966.

Alle instrument er skifta ut to gonger.

Det har vore mange store økonomiske løft og mange slags aktivitetar har vore i gang for å skaffa dei turvande midlane.

Det har vore bygdekveldar, basar, marknad, dans, tivoli, kakelotteri og eit par større lotteri.

I mange år var det og ein forening som arbeidde for laget.

Bygdefolket har alltid synt stor velvilje og oppslutnad om dei ymse tiltak. I seinare år har laget fått tilskott av kommunen.

I 1956 vart det etter forslag frå Sigurd Wang skipa gutemusikklag.

Det var det fyrste gutemusikklaget i krinsen.

Han tok på seg å leida laget med hjelp av Alfred Eik.

Gutemusikklaget vart styrt av det til kvar tid valde styret i musikklaget. Gutane var flinke å møta til öving og hadde god framgang.

17. mai 1956 stod dei fram å spela for fyrste gong. Om morgonen saman med dei vaksne og på barnefesten i Helgheim spela dei åleine og fekk stor fagning. 17. mai 1957 var det stas då dei kunde monstra med to musikklag i folketøget.

1959 fekk gutemusikklaget uniformer.

Dette laget vart svært populært. Dei var med ved fleire krinsstemner og deltok på H. M. L. skulemusikkstemna på Voss 1957 og i Tyssedal 1959.

I høve kong Olav si vitjing på Stord 1958 kom det spurnad om gutemusikklaget vilde vera med å spela der. Laget reiste og skilde seg godt frå oppgåva. Dei var og med ved ei kveldsgudsteneste i Kvinnherad kyrkje. Dette laget var i gang i 10.år og vart i 1969 erstatta av Uskedal Skulemusikk.

Det kosta både pengar og arbeid, men det gav so mykje att.

Det kan nemnast at ein stor del av spelarane i musikklaget i dag er gutane våre frå den tida.

Vi skal enno ein gong få høyra gutemusikklaget frå 1956.

Fram gjennom tidene har musikklaget hatt mange fine turar.

Ofte saman med ungdomslaget. Siste åra har turen gått til Mauranger, der ungdomslaget har synt fram spelstykke og musikklaget har halde konsert.

Saman med idrettslaget har dei hatt fleire hyggelige årsestar på Rosendal Fjordhotell og Husnes Motell.

För sumarferien har laget siste åra hatt ei samkoma på Solheim Turiststasjon. Dei har og hatt ei kaffistund på årsmöta.

1974 deltok 4. av spelarane på eit instruktör og utövarkurs på Manger. Det var Sverre Wang, Bård Ljosnes, Berit Wang og Lars Wang. Seinare vart det halde kurs i Rosendal for tenorer, baryton, tromboner og bassar, der laget var godt representert.

Og i tillegg eit trommekurs på Stord der alle våre var med.

Fem frå Uskedal Musikklag er tildelt Norges Musikkforbunds " Fortjenst-  
medalje" for god innsats for amatørmusikken og 35.års medlemskap.

Sverre Myklebust og Sigurd Wang på krinsstemna på Fitjar 1967.

Björn Myklebust, Sverre Wang og Trygve Haugland på H. M. L.  
jubileumstemna på Manger 1975.

Samstundes fekk Sigurd Wang tildelt "Hederstegn for dirigenter"  
med diplom.

30. års högtida til laget vart ein dag verd å minnast, då dei av  
Tora Myklebust fekk overrakt ny fane. Som kona til ein av skiparane  
og leidarane av laget Edvard Myklebust har ho alltid synt stor  
interessa for musikken. Saman med famelien hadde ho samla inn alle  
pengane som skulde til. Ho og dottera Ester tok og på seg utan  
vederlag det store arbeidet å brodera fana.

Motivet var teikna av Tor H. Myklebust.

Fana har seinare vore med å pynta opp alle stader der musikklaget  
har fare fram.

17. mai 1974 fekk laget tamburmajor. Inga Tveito var den fyrste  
som vart utteken til dette vervet.

Tamburstaven var gåve frå Amanda Wang og den fine drakta var det  
Oddborg Myklebust som var meister for. Dette vart eit fargerikt  
innslag både til pryd og nytte.

Våren 1975 skipa musikklaget til ein hyggekveld der dei bad inn  
fyrste instruktören og dirigenten i laget musikklöytnant Johan Klette.  
Sigurd Wang helsa Klette velkomen og presenterte han for dei yngste  
i laget. Musikklaget spela og etter nokre nummer der Klette svinga  
taktstokken var det bordseta.

I samtalen ved bordet kom det fram at det var Klette sin årsmålsdag,  
so det hövde godt at musikklaget kunde overrekja blomar og ynskja  
tillukka med dagen.

Tre av dei som var med ved skipinga av laget er gått bort.

Edvard Myklebust, Hjalmar Ljosnes, og Fridtjof Kjosås.

To av dei er gravlagd her i bygda og musikklaget møtte opp å spela  
ved gravferda.

Dei som har vore med i laget ei tid har mange felles minner.

Både frå sorg og glede, kvardag og fest, frå dei største högtider  
og til dei aller muntraste lag og turar, og om eit godt kamerat-  
skap i alle år.

Når vi etter 40. år ser tilbake, må vi vel vera enig om at laget har  
gått rette vegen. Om det har vore ein og annan bölgedal, har det  
alltid vore ein kjerne av trugne folk som har halde det heile saman.

Etter at rekrutteringa frå gutemusikklaget og skulemusikklaget tok til er alt blitt lettare. Blandt dei unge i laget er det og ei imponerende interessa og ansvarskjensle som lovar godt for dei komande år.

Etter 15. års medlemskap i laget har kvar spelar fått eit sylvstaup i gåve. Det er til no delt ut 20. av desse.

Vidare kan vi visa til medlemstida til desse spelarane :

Arnchild Myklebust, Jens Arnesen og Amanda Wang 20. år.

Bård Ljosnes 26. år. Kåre Guddal og Gunvald Friheim 27. år.

Björgulv Eik 28. år. Björn Myklebust, Sverre Wang og Trygve Haugland 36. år og Sigurd Wang 40. år.

Desse tala fortel vel utan ord ein viktig del av laget si saga, om samhald og trivsel i åra som er farne.

So vil vi vona at laget vil halda fram som det stemner og alltid arbeida for ein reinare tone.

For vi veit at :

Tonane dei treng ikkje nokon tolk,

Dei er eit hjartespåk blandt alle folk.

Og med kvar reinstemt tone fram vi ber,

vi gjev vårt vesle bidrag til ei rikare verd.

-----  
Styret for musikklaget i jubileumsåret er :

formann Björgulv Eik, varaformann Sigurd Wang, materialforvalter Sverre Wang, kasserar Leif Arne Dössland, skrivar Leif Ottar Tveito.

Spelarane i musikklaget i jubileumsåret er :

Nina Børsheim, Ingeleiv Langballe, Berit Wang, Leif Arne Dössland, Nils Nåsen, Leif Ottar Tveito, Lars Wang, Jan Morten Myklebust, Björn Myklebust, Arnchild Myklebust, Inga Tveito, Einar Gjertsen, Per Myklebust, Randi Haugland, Ståle Eik, Svein Sunde, Audun Eik, Jens Arnesen, Harald Snilstveit, Arne Terje Haugland, Kristin Stensletten, Eivind Stensletten, Lasse Yri, Bård Ljosnes, Inger Johanne Röd, Sverre Wang, Amanda Wang, Kåre Guddal, Arne Haugland, Gunvald Friheim, Knut Stensletten, Lars Myklebust, Tor Inge Dössland, Trygve Haugland, Alfred Eidsvik, Nils Raudstein, Sigmund Fredheim, Trygve Fredheim, Harald Raudstein, Björgulf Eik.

Dirigent Sigurd Wang.

Amanda Wang.